

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7 og 8.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Skudeneshavn

Emne: Attålfør

Bygdelag: Tarnes sokn

Oppskr. av: Lars Tjostheim.

Gard:

(adresse): Skudeneshavn.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

Litt eiga røynsle, men
mest fra foreldre og andre gamle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR på Attålfør.

Skav, beid og brom er ikkje blitt
bruka her, avdi her er trebert.

Men bare bruka folk fra gammalt attåt
sil kyrne, serleg i vårknipa. Han har
ikkje blitt bruka i mi tid, men dei
gamle fortalde at dei skar „budsare“ om
våren og gav kyrne. Denne „budsaren“ er
ein rüklüt bladsare som vekes på
grünt vatn, med blad fra ein til to
meter lange blad. — Eg har høyrst at han
vekes berre om våren og sumaren —.

Denne baren skar dei fra båt med ein
sid på eit skaft. Dei bar eller køyde han
heim, og måtte bruka han frisk. Men
dei laust hakka han og slø kokande
vatn over for kyrne ville eta han.

Lyngen bruka dei litt som attålfør i
min barndom — nå er det heilt slutt.

Men etter det eg kan skyna, bruka dei han
ikkje så lite fra gammalt av — serleg om
våren til å berga kyrne over vårknipa.
Mange sett på så mykje at dei kunne
skjøna det blei vanskeleg å fø dei fram, men
det galdt om å fø flest mogleg over vinteren.

2

For om sümaren fødte dei seg sjölv, og då galt det om å ha mange sümmar som grog. På denne måten blei det litt svelde-
foring, serleg framover våren. Til denne skrinne foringa hjalp dei, som hadde tid til det, seg mykje med bare og lyng.

Det var toppane, av röslyngen dei brukte. Dei skar ^{helst} hant med vanlig sigd. Dei tok om ein grøn dott og skar nedanfor handa. Då samla dei lyngtoppane i sekter og gav kyrne han frisk som han var. Men hadde dei fleire kyr, så skulle der mykje til om det skulle monna nok.

Då gjekk dei gjerne fleire mann til lyngmarka og hadde hest og kjerre med. Dei brukte då og helst langorv og lya. Derom dei då kunne finna ei stikk lyngmark der lyngen stod grøn og tett, gjekte det nok så snart å sneia av toppane og raka dei saman med ei rive. Det var serleg i nord-
hall der det hadde lege lange snöfjerner, at ~~snöen~~ ^{lyngen} heldt seg grønast om våren. Dei rekna og at dei fekk finaste lyng når dei slo, når dei skar, fekk dei meir av styll-
kene med. Eg veit eg såg sume stader om sümaren, såvorne avstübbe lyng-
vidder der lyngen var sligen om våren.

Både bare og lyng var det kyrne som fekk. Säuene og hestane med laut ut fram-
over heile vinteren, når det var heilt berr mark sleppe dei hestane, og säuene leita seg nå fram til lyngvidden ^{og bare} om det var litt snö. Dei har havt ei berme etter ein som gav hesten sin „helma“ —

Helma var halmsdubbane som stod att på
åkeren om hausten, og som dei raka samian-
: „Vil du ikkje eta helma, så kan du eta
skit.“

Men korkje baren eller lyngen var mjøl-
bedrivande for. Det var nok helst for å
livberga krøtera over vinteren, at dei
bruka desse attåfora. Nå er det helst
mjøkeproduksjon som krøterdrifta her
er innstilt på, og då er det nok så sjølv-
sagt at desse fora ikkje svarar seg.
Serleg når ein tenker på all det
arbeidet det var med bål desse for-
slaga.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

BYGDØY